

# EUROPEAN POLICYBRIEF

Forskinga som førte til desse resultatane, har fått finansiering frå forskings- og innovasjonsprogrammet Horizon 2020 i Den europeiske unionen under finansieringsavtale nr. 649263.

Forfattaren står som einaansvarleg for innhaldet og representerer ikkje haldninga til Europakommisjonen. Kommisjonen er ikkje ansvarleg for bruk av data som kjem fram i dokumentet.



## MOVE

### KARTLEGGING AV MØBILITET – RUTER, INSTITUSJONAR OG STRUKTURELLE FØLGJER AV UNGDOMSMØBILITET

Den andre MOVE-policybriefen gjev anbefalingar basert på dei samla resultatane av prosjektet med spesifikk vekt på analysane som er utførte i kvalitative og kvantitative delar, som har som mål å vise korleis ein kan auke kvaliteten på seks mobilitetstypar i EU.

april 2018

## INNLEIING

Policybrief II gjev forskingsresultat basert på ei integrativ fleirnivå tilnærming som er utvikla for å studere mobilitetsmønster til unge menneske på ulike nivå og frå ulike perspektiv. Det overordna målet til MOVE er å tilby forskingsbaserte bidrag for å betre tilhøva for mobilitet av unge menneske i Europa og å redusere dei negative konsekvensane av mobilitet ved å identifisere god praksis for å fremje ei berekraftig utvikling og velvære.

Innanfor MOVE-prosjektet vart det forska i detalj på seks typar ungdomsmobilitet: elevutveksling, mobilitet for frivillig arbeid, sysselsetjingsmobilitet, høgare utdanning, yrkesopplæring og -praksis (VET) og gründeraktivitet. Forskinga vart gjennomført i seks land: Tyskland, Ungarn, Luxembourg, Noreg, Romania og Spania.

Denne policybriefen er basert på hovudresultata innanfor kvalitative og kvantitative tilnærmingar, som er kopla saman i prosjektet ved å leggje vekt på bakgrunnen og erfaringane til enkeltpersonar, korleis dei engasjerer seg i miljøet rundt seg, den sosiale kapitalen deira og kjeder av etterfølgjande mobilitet. Briefen legg spesielt vekt på dimensjonane som hindrar og fremjar

mobilitet, og på dei positive og negative påverknadene på mobilitet. Dimensjonane som er identifiserte, er

1. sosiale relasjonar
2. læring
3. individuell utvikling
4. organisasjonsmedlemskap
5. sosioøkonomisk struktur og mogelegheitsstruktur
6. eksistensdualitet
7. overlappende mobilitet

Dimensjonane er diskuterte nedanfor fordi dei er sentrale for å formulere anbefalingar om korleis ein kan auke kvaliteten på ungdomsmobilitet i EU.

## BEVIS OG ANALYSE

I den kvalitative arbeidspakken (WP3) vart det gjennomført 206 problemsentrerte djupneintervju med mobile ungdomar med mål om å forstå opplevingar frå perspektiva til unge menneske under mobiliteten eller rekonstruert i etterkant. Desse intervju vart komplementerte med 36 intervju med ekspertar på feltet ungdomsmobilitet. Analysen har ført til at desse mobilitetsmønster vart identifiserte:

- vener og kjende som mobilitetsinkubatorar
- læring gjennom mobilitet
- institusjonalisert arbeid og utdanning som nasjonale tilretteleggingsmønster
- organisasjonsmedlemskap, kjernen for mobilitet
- ungdom med ambivalente ungdomspraksisar
- «svingdør»-dilemmaet

Den kvantitative spørjeundersøkinga (WP4) har følgd analysane av resultatane frå dei to tidlegare arbeidspakkane. Den kvantitative delen av prosjektet tok opp dei hindrande og fremjande faktorane, motivasjonar, erfaringar og barrierar som både mobile og ikkje-mobile menneske opplever i høve til mobilitet, kor spesifikt sosialt integrerte dei er, og sosial bakgrunn. Spørjeundersøkinga gav resultat basert på eit kombinert datasett på svar frå 8706 personar – 5499 personar for panelspørjeundersøkinga og 3207 for snøball-spørjeundersøkinga – med mål om å få ei meir balansert samansetjing mellom mobilitetstypar og mellom mobile og ikkje-mobile. Dette bidrog til analysar av sentrale aspekt ved mobilitet, inkludert:

- hovudmotivasjonar for mobilitet som varierer i utdanning, arbeidsrelatert mobilitet og mobilitet ut frå makrodeterminantar
- informasjonskjelder for mobilitet
- motivasjon og mobilitetsrelatert åtferd blant unge menneske
- rolla til sosial kapital og sosiale nettverk i ungdomsmobilitet
- forventingar når det gjeld mobilitet og karriereplanar
- transnasjonale aktivitetar og ungdomsidentitet

Arbeidspakke 5 har kombinert resultatane av dei tidlegare arbeidspakkane med mål om å teikne eit heilskapleg bilete av mobilitetsmønstra til unge menneske. Arbeidet i pakken inkluderte ei triangulering av analysane med tanke på mobilitetsmønster, strategiar for å oppnå mål, fremjande og hindrande mobilitetsfaktorar og positive og negative følgjer av mobilitet. I tillegg vart ei forklaring

av ulikskapar, som koplar resultat til dei nyaste rammeverka for organisasjonar og juridiske forhold, samanfatta med ei formulering av policy-anbefalingar og sluttrapporten til prosjektet.

Avsnittet nedanfor legg vekt på tolkinga av prosjektresultata, som er spesielt relevante for formuleringa av policy-anbefalingar for å betre kvaliteten på ungdomsmobilitet. Dataa og analysen nedanfor er basert på kombinasjonen av perspektiva frå ulike arbeidspakkar og metodologien som er brukt i dei.

## Hovudresultat av prosjektet

### 1. Dimensjonen sosiale relasjonar

Vener og kjende som mobilitetsinkubatorar er eit av dei sentrale mobilitetsmønstra som har blitt identifiserte i den kvalitative analysen og viser korleis sosiale relasjonar i kvardagen og organisasjonar kan leggje til rette for ungdomsmobilitet. Relasjonar med vener og kjende er faktisk hovudsamanhengende der ungdomsmobilitet oppstår, blir oppmuntra eller hemma. Vener spelar ei viktig rolle for mobiliteten til unge menneske. Resultata av spørjeundersøkinga viser vidare at vener spelar ei litt viktigare rolle for utdanningsmobilitet (35,3 %) enn for arbeidsrelatert mobilitet (30 %). Nettverk av vener og kjende blir dessutan sett på som viktige kjelder til informasjon om mobilitet. Eit stort tal unge menneske får mobilitetsrelatert informasjon frå vener (35,7 %) og frå sosiale medium, som òg er blant dei populære kanalane for å identifisere informasjon (25,7 %).

Mobilitet oppstår altså ikkje spontant i eit vakuum, men har røtene sine (er integrert) i sosiale nettverk. For mobile unge menneske omfattar vener og kjende spesielt vener med mobilitetserfaring. Det omfattar òg andre menneske (t.d. slektningar, sysken, kjende) med tidlegare eller noverande mobilitetserfaring. Ein kan òg finne dette i resultata frå den kvantitative spørjeundersøkinga, som viser at spesielt blant unge menneske i langdistansmobilitet har 63,2 % av dei mobile deltakarane vener som har gjennomført studentutveksling, 42,4 % har vener som har studert utanlands, og 51,4 % rapporterer at venene deira har anbefalt dei å studere utanlands. Vener og kjende har dessutan stor påverknad på avgjerdsprosessen: Dei er sentrale ikkje berre for å gje opphav til mobilitetsplanar, men òg for å tilby eit fellesskap og å skape ei ny form for tilhøyrse. Vener og kjende ser difor ut til å vere ein sentral ressurs i den faktiske mobilitetsprosessen som gjev unge menneske høve ikkje berre til å handtere mobilitet, men òg til å ta vare på eksisterande former for sosial tilhøyrse og å skape nye, samt å kome i dialog med andre.

### 2. Læringsdimensjon

Læringsprosessane til unge menneske er vovne tett saman med mobiliteten deira. Førebuingstrinnet blir i seg sjølv tolka som ein læringsprosess. Mobilitet blir mellom anna sett på som ei «stor mogelegheit» for unge menneske til å forbetre utdanninga si. Her står det å lære språk øvst på lista. Unge menneske integrerer språket i mobiliteten, dei blir mobile med motivasjon om å betre eksisterande språkkunnskapar eller å lære eit nytt språk. Å lære språk blir sett på som den viktigaste motivasjonen som påverkar mobilitet hos nesten halvparten av dei som svarte på spørjeundersøkinga. Vidare er det å lære og betre engelskkunnskapar spesielt viktig for alle typar mobilitet: Unge menneske knyter engelsk til studium og mogelegheiter for jobb i framtida. For å følgje dette målet via ulike mobilitetar flyttar unge menneske til engelsktalande land og praktiserer engelsk som eit *lingua franca* på internasjonale, globaliserte destinasjonar.

Samstundes er språk hovudbarrieren for alle mobilitetstypar: Meir enn ein tredel av mobile deltakarar i spørjeundersøkinga (32,4 %) framheva utilstrekkelege språkkunnskapar som eit hinder for mobiliteten deira, og det var òg det viktigaste hinderet blant ikkje-mobile (42,7 %).

### 3. Dimensjonen individuell utvikling

Sidan unge menneske gjev uttrykk for at dei har lært mange ting, blir mobilitet presentert som ein kontekst der mange typar læring finn stad på ulike måtar og kan føre ikkje berre til språklæring,

men òg nye sjølvposisjoneringar, sjølvstende og tilpassing til organisasjonar. På denne måten knyter unge mobile menneske mobiliteten til ynsket om å bli sjølvstendige og «kome seg ut». Desse ambisjonane kan ein skildre som eit spesifikt sett med ungdomspraksisar. Mobilitet blir sett på som ein prosess som del av å bli sjølvstendig, som eit høve til å lære å klare seg sjølv utanfor familierammeverket. Dette blir typisk òg plassert i samanheng med læringshistoria deira som unge menneske. Læringseffekten er spesielt openberr med omsyn til dei unge menneska sjølv og deira eigne resultat og realiseringar. Dataa viser at dei fleste unge menneska kontekstualiserer desse praksisane som relevante for aldersgruppa deira. Dei kvalitative analysane gjev døme på individuelle meistringsstrategiar og å overvinne byråkratiske utfordringar. Mobiliteten gjev òg unge menneske høve til å oppdage sider av personlegdomen sin og gjev ein kraftig impuls for både profesjonell og personleg utvikling. Kvalitative data bekreftar at mobilitet blir sett på som ein prosess som hjelper dei å avdekkje nye perspektiv og skape former for sosial tilhøyrslø, sjølvposisjonering og måtar å oppnå sjølvstende på, og alt dette ligg utanfor ramma av det kjende. Unge menneske framhevar òg mogelegheitene mobilitet gjev dei for å finne nye måtar å posisjonere seg sjølv på i sosiale relasjonar på dei nye stadene. Alt i alt blir mobilitet presentert som ein samanheng der læring ikkje berre er mogeleg, men heilt naudsynt. Dei unge menneska gjer det som er sosialt forventet av dei som ungdomar: Dei lærer noko. Denne læringsprosessen og høvet til å «gjere noko anna» (til dømes i staden for læring i formelle, institusjonelle samanhengar som skular og universitet) blir sett på som ein måte å legitimere mobilitet på. Mobilitet i seg sjølv er ikkje nok til at ein kan kalle det ungdomsmobilitet; det må utfyllast av fleire aktivitetar og prosessar med læring for at ein kan kalle det ungdomsmobilitet.

På denne måten er læring ved hjelp av mobilitet like viktig for alle typene ungdomsmobilitet, inkludert arbeidsmobilitet (til dømes sysselsetjing og gründeraktivitet). For dei gjev mobilitet enten høve til å betre arbeidstilhøva (31,2 %) eller betre mogelegheitene til personleg og profesjonell utvikling (28,7 %).

#### **4. Dimensjonen organisasjonsmedlemskap**

Både førebuinga og organiseringa av mobilitet blir sett på som ein utfordrande prosess for unge menneske. Hypotesen er at menneske er meir mobile når dei er medlemmer av ein viss organisasjon. For å bli mobile må unge menneske bli medlem av organisasjonen – ikkje nødvendigvis i bokstavleg forstand, men på den måten at dei må ha ei viss medlemsrolle, vere meir eller mindre formelt aksepterte og bevise kva dei kan. Den mest grunnleggjande medlemskapen får ein ved å bli medlem i kategorien som blir omfatta av ulike mobilitetsprogram. Når det gjeld elevmobilitet, vil rolla til unge menneske vere at dei må vere mobile som elevar, når det gjeld sysselsetjingsmobilitet, er rolla å vere mobile arbeidarar osv. Unge menneske er difor alltid mobile som medlemmer av ein organisasjon og ikkje som enkeltpersonar. Viss ungdomar har klart å passe inn i ein organisasjon og har oppnådd visse organisasjonsmedlemskap/-roller som gjev dei rett til å gjere det, kan dei bli mobile.

Det er ofte via mobilitet at unge menneske må klare seg sjølv. Sjølv førebuinga for mobilitet er basert på eigne ressursar. Ifølgje resultatane av spørjeundersøkinga føretrekkjer unge menneske i staden for støtte frå organisasjonar ofte sine eigne, meir uformelle informasjonskjelder og brukar personlege ressursar. Dette omfattar Internett-søkjemotorar (48,5 %), vener (35,7 %) og anbefalingar frå lærarar (32,1 %). Fellesskap eller sosiale nettverk på Internett og universitetsnettstader er òg populære når det gjeld å finne informasjon om mobilitet (over 25 %). I kor stor grad ein brukar ulike informasjonskjelder og kontaktar mobilitetsrelaterte organisasjonar, varierer for ulike mobilitetstypar. Medan unge menneske innanfor utdanningsmobilitet har ein tendens til å setje sin lit meir uformelle informasjonskjelder, t.d. anbefalingar frå lærarar og søkjemotorar, og mindre til formelle kanalar, brukar ikkje dei som er innanfor sysselsetjingsmobilitet, nokon formelle kanalar. Svært få (over 1 %) nemner EURES, følgd av spesialiseringsportalar, rekrutteringsbyrå og offisielle nettstader.

#### **5. Dimensjonen sosioøkonomisk struktur og mogelegheitsstruktur**

Kor viktig relasjonar til vener og kjende og til familien er, indikerer òg i kor stor grad ungdomsmobilitet er avhengig av personlege fellesskap og dermed korleis desse fellesskapa er

integreerte i ungdomsmobilitet som ei form for sikringsnett og sosial, kulturell og økonomisk kapital. Ein har teke utgangspunkt i at desse mønstra er samanhengar som legg til rette for personleg mobilitet. Foreldre har stor påverknad på avgjerdsprosessen til unge menneske. Over ein tredel av unge menneske (38,2 %) meinte at dei hadde teke omsyn til meininga og støtta frå foreldra. Resultata viser at familiestøtte er hovudkjelda til mobilitetsfinansiering (46,1 %) i tillegg til private midlar og sparepengar (32,0 %). Individuelle sosioøkonomiske faktorar bestemmer mønster for mobilitet og immobilitet: Utdanningsnivået til unge menneske og utdanningsnivået til foreldre (brukt som indikasjon på sosioøkonomisk status) har positiv påverknad på mobilitet. Familiebakgrunnen (foreldre og besteforeldre) når det gjeld mobilitet (om dei har budd i utlandet i løpet av livet) har òg positiv påverknad, og det same har alderen til deltakaren.

Sosioøkonomisk ulikskap hindrar unge menneske i prosessen i å bli mobile og blir rekna som eit av dei største hindera for mobilitet. Det er ikkje alle unge menneske som har same gode økonomiske vilkår for å bli mobile, dei kjem ikkje frå dei same sosiale klassene, og vi fann dessutan vesentlege skilnader mellom land i analysane som vart produserte, som ofte blir kalla det nye nord-sør-skiljet i Europa (Landesmann and Leitner, 2015). Mangel på økonomiske ressursar (21,8 %) er difor ein stor barriere som hindrar folk i å bli mobile. Mangel på finansiering for mobilitet er endå høgare for ikkje-mobile (35,6 %) og må reknast som ei sentral hindring for mobilitet saman med utilstrekkelege språkkunnskapar.

## 6. Dimensjonen eksistensdualitet

I dei kvalitative resultata ser vi korleis ungdom knyter mobilitet og å forlate heimen med ynsket om å «bryte ut». Ideen om å bryte ut er nær knytt til ungdomen. I klassisk forstand tyder det å bryte ut av tronge familie- og skulerelaterte kontekstar. Ungdomsmobilitet tyder at ein bryt ut i dobbelt forstand. På den eine sida er ungdomsfasen forma av at unge menneske frigjer seg frå og forlèt dei nemnde kontekstar. Det handlar om å bryte seg laus og skape rom for seg sjølv, om å følgje sin eigen veg – som er forskjellig frå vegane andre har valt før. Denne vegen er vanlegvis ikkje spesifisert. Det er dette ungdom tyder i generell forstand: Kvar ungdom må finne sin eigen plass for å utvikle seg sjølvstendig. På den andre sida er mobilitet å bryte ut i geografisk forstand. Å vere mobil blir samanlikna med å leggje noko bak seg, dra ein annan plass, nå eit mål. Det handlar likevel meir om ein prosess med å «flytte inn i» enn å «flytte ut av» sin eigen plass: Når dei blir mobile, opplever ungdomar praksisar som presenterer dei for byråkratiske strukturar og prosedyrar, for nye praksisar i dagleglivet, for normer og praksis i arbeidslivet og så vidare. Ein kan ikkje sjå på ungdomsmobilitet som ein måte å bryte ut på, men snarare som ei innviing, ein introduksjon til relasjonar i samfunnet (t.d. utdanning, arbeid og familie) i eit bestemt land. Dilemmaet med å «bryte ut» eller «flytte inn, flytte ut» er forklart i eit av mobilitetsmønstra som er utvikla frå kvalitative data og inkluderer vanskaner med å takle avstanden på ein god nok måte. Unge menneske er konstant på ulike stader på grunn av bruken av sosiale media og telekommunikasjon. Difor kan dei ikkje forlate nokon av stadene. Ynsket om å kople seg frå det kjende og oppdage det ukjende på eiga hand kan difor berre bli delvis oppfylt på grunn av kontekstuelle restriksjonar og hindringar.

I tillegg blir dualiteten mellom å «flytte inn» og «flytte ut» forsterka av dei sosiale transnasjonale praksisane unge menneske er engasjerte i i opphaldslandet. Både kvalitative og kvantitative data stadfestar at sjølv etter mobilitet har unge menneske ein tendens til å halde meir kontakt med kjende i heimlandet enn med folk i opphaldslandet. Ifølgje resultata av spørjeundersøkinga held mindre enn halvparten fram med å ha kontakt med vener frå destinasjonslandet kvar veke. I tillegg opplyser fleire analysar av sosial transnasjonalisme i destinasjonslandet dei kvalitative funna. Det synest av og til som om heile mobilitetsgruppa – til dømes når det gjeld studentmobilitet – er ei eiga verd. Det blir skapt ei boble der unge menneske kanskje eller kanskje ikkje høyrer til. Unge menneske merkar at det blir danna slike bobler, ikkje berre i privatlivet, men på jobben òg, der folk frå vertslandet og utlendingar lever i separate krinsar. Når alt kjem til alt, tyder ikkje dette at mobilitet blant unge menneske i Europa skjer berre innanfor relasjonar med vener og kjende, og at unge menneske aldri forlèt bobla med vener og kjende og institusjonen. Det er ein sentral situasjon, men han er svært gjennomtrengjelig. Når unge menneske er mobile, gjer det òg relasjonane deira transnasjonale.

Sjølv om denne transnasjonaliseringa kan vere planlagd, er det òg noko som skjer som del av ein prosess. Innanfor mobilitetsprosessen er det ikkje berre eit enkelt trinn – å vere utanlands og kome tilbake. I staden er det ein serie samanknytte hendingar (t.d. ein person her fører til ein annan person der), som ein òg kan sjå frå relasjonane.

## 7. Overlappande mobilitet

Fyrstegongsmobilitet er ekstra utfordrande og produserer eit varig minne og formar difor framtida til unge deltakarar. Samstundes er unge menneske ivrige etter å vere mobile att når dei har gjort det ein gong. Forventingane til framtida blir òg endra: Over halvparten (54,5 %) av unge menneske som er mobile no, ser meir mobilitet i framtida si. Det gjeld òg i stor grad blant unge menneske med tidlegare mobilitetserfaring (40 %).

Økonomiske, organisatoriske og logistiske faktorar formar òg overlappande mobilitet: Kvalitativ analyse viser at mobilitetar blir kombinerte med kvarandre. I nokre tilfelle flyttar unge menneske frå ein plass til ein annan, og når dei er ferdige med ein mobilitetstype, startar dei på den neste. Slik kombinerer dei opptil fem mobilitetar på éin plass. Døme på overlappande mobilitetar gjev strategiar for å halde seg mobil trass i byråkratiske, juridiske og økonomiske avgrensingar for nokre mobilitetstyperammer under EU-mobilitetsprogram. (Eit døme på kombinasjon av mobilitetstypar: ein person kom for å studere i eit masterprogram, der ho jobba som praktikant parallelt med studiane, og deretter byrja med frivillig arbeid, noko som førte til at ho blei ein gründer). I andre tilfelle gjentek unge menneske same mobilitetstype fleire gongar. Det er vanleg, til dømes innanfor frivillig arbeid.

## POLICY-KONSEKVENSAAR OG ANBEFALINGAR

### Betre kvaliteten på ungdomsmobilitet i Europa

Anbefalingane nedanfor er spesifikt formulerte for Policybrief II med vekt på å betre kvaliteten på seks typar av mobilitet.

#### 1 Anbefalingar for mobilitet i høgare utdanning

Studentmobilitet innanfor Europa har for det meste kortvarig karakter. Det vil seie at studentar berre er eitt eller to semester på ein institusjon i utlandet, og då er ein velutvikla institusjonell støttestruktur svært viktig. Dette inkluderer nok òg kompetente medarbeidarar som leverer informasjon i rimeleg tid, både ved heime- og mottaksinstitusjonar. Etablerte og transparente prosedyrar gjer steget til realisert mobilitet enklare både for studentar og institusjonar.

- **Interesse for mobilitet i høgare utdanning kan bli vekt alt under elevmobilitet.** Mobilitet produserer mobilitet – ein bør spreie kunnskap om andre mobilitetsmogelegheiter (til dømes mobilitet i høgare utdanning) alt frå tidleg alder. I den samanhengen bør ein tilby mogelegheiter til å skaffe seg eller oppretthalde **språkkunnskapar innan diverse språk** i omfattande grad og gratis, t.d. i omfattande grad i skuleutdanning og tertiærutdanning òg. Kvaliteten på språkopplæringa bør betrast. Ein bør sjå på eksisterande **fleirspråklege kunnskapar** blant ungdomar som ein ressurs i samfunnet som ein bør anerkjenne politisk og støtte offentleg. Ein bør oppmuntre til å lære framandspråk så tidleg som mogeleg på skulane.
- Ein bør ta omsyn til ulikskapar under utvalsprosessen. Det bør vere **program for vanskelegstilte studentar som er skreddarsydde** og definerte til å passe behova deira. Slike program bør dessutan utfyllast av virtuelle mobilitetsprogram og andre måtar å hjelpe studentar med å oppleve problemfri mobilitet på. Vanskelegstilte ungdomar vurderer ofte

ikkje ein gong å ta del i eit program (fordi det er knytt til utgifter), så dei relevante institusjonane bør handle fyrst i staden for å vente på at studentane skal handle.

- **Vanskar med finansiering:** Mangel på finansiering er eit stort hinder for mobilitet, spesielt i periferiland. Stipend **er ikkje nok til å dekkje kostnadene**, så det bør innførast finansiering for vanskelegstilte studentar, slik at mobilitet reduserer eksisterande ulikskapar i staden for å føre dei vidare. Ein bør vurdere ein viss grad av fleksibilitet i den økonomiske planen til Erasmus+ for å tillate betalt arbeid under mobilitet, og i tillegg kan ein auke andre typar av mobilitet (meir kortvarig mobilitet for dei som ikkje har råd til å reise i ein lengre periode).
- **Informasjonskjelder: koordinasjons- og støttestrukturar i heime- og vertsinstitusjonar for høgare utdanning bør betrast.** Ulike avdelingar er ofte ikkje i kontakt med dei internasjonale kontora, og det fører til vanskar med å akkreditere studentane i visse land. Dessutan har ikkje internasjonale studentar tilgang til alle kursa på vertsinstitusjonar (eller søknadsprosessen er ikkje klar for alle partane som er involvert i heime- og vertsinstitusjonane).
- **Kunnskapsoverføring mellom studentar** er ein svært effektiv måte å spreie informasjon på, men er ikkje så vanleg sidan det ikkje er noko konkret system på plass. Når studentar vender heim frå mobilitet, bør det vere eit system for å spreie kunnskapen deira. Dette kan vere ei blanding av utveksling mellom elevar og koordinasjon på institusjonsnivå.
- **Reduser overdrivne institusjonelle krav.** Prosessen med å registrere seg på eit studentutvekslingsprogram bør gjerast lettare: I dag er denne prosessen framleis byråkratisk, involverer mykje papirarbeid mellom institusjonar og manglar koordinering mellom relevante institusjonar. Program, som t.d. utvekslingsprogram, utan eller med mindre papirarbeid bør prioritere å forenkle søknadsprosedyrar.

## 2 Anbefalingar for mobilitet for frivillig arbeid

Frivillig arbeid har sosial relevans for å skape sosial kapital og fremje aktivt samfunnsengasjement og sosialt ansvar samstundes som det stimulerer personleg og profesjonell utvikling. Det finst likevel ulike hindringar som unge menneske møter før, under og etter mobilitet som frivillige.

- Økonomiske problem er hovudhindringa for at unge menneske skal bli mobile. **Meir omfattande økonomiske støttesystem** er difor naudsynt for å redusere dette problemet. Det er behov for både meir økonomisk støtte og eit omfattande system for å støtte unge menneske med mindre økonomiske ressursar.
- Mangel på informasjon blant dei som ikkje er hovudmålgruppa for program for ungdomsmobilitet, og generell feilinformasjon kan utbetrast på denne måten: For å informere ungdom likt om mogelegheitene bør ein bruke **«nye» digitale Web 2.0-medium** som Twitter, Facebook og Instagram i større grad. Spørsmål blir svarte på interaktivt (filterboblefenomen, ekstreme filter og forsterkingseffekt), og difor er det naudsynt **å opne interaktive informasjonsfærar** som er opne, tilpassingsdyktige og ungdomsvenlege.
- Frivillig arbeid har konsekvensar både på sosialt nivå, ved å utvikle gode arbeidsrelasjonar med internasjonale motpartar og på det personlege nivået, fordi ein blir betre kjend med seg sjølv. Mobilitetserfaring bidreg til sjølvrefleksjon og til at ein tenkjer over korleis ein oppfattar omgjevnadene, inkludert relasjonar med andre. Det **oppmuntrar til å utvikle nye relasjonar** som blir stadig viktigare og fungerer som inspirasjon til fleire mobilitetserfaringar. Ei anbefaling her er å tilby ungdom eit **høve til å dele erfaringane sine** ved å **skape rom** for å tenkje over erfaringane sine og tilby **råd frå frivillig til frivillig**: organisasjonar kan tilby støtte på eit svært «personleg» nivå (spesielt med byråkrati, til dømes viss nokon ikkje forstår eit skjema), legge til rette for spesialstrukturar for å hjelpe nye mobile med mentorar osv., frivillige kan fungere som kontaktpersonar mellom organisasjonar og dei unge menneska.

- For å **lære av ungdomsmobiliteten** dei legg til rette for, bør organisasjonar opprette
  - **fleksible samanhengar for tilrettelegging**. Det er behov for deltakande element i organisasjonar for at erfaringane og kunnskapen til ungdomane om behov, strukturelle hindringar, prosessar og organisatoriske moglegheiter og utfordringar skal bli tilført den institusjonelle kunnskapen. Desse prosessane kan organiserast av deltakarane og opne nye rom der frivillige og andre kan behandle erfaringane sine samstundes.
  - **transparens** på alle nivå. Søknadsprosessen og utvalskriteria bør vere transparente for alle. Vertsorganisasjonane bør gjere det klart kva forventingar dei har, slik at dei mobile ungdomane veit kva dei kan vente seg av det frivillige arbeidet. Til slutt må organisasjonen som sender dei, gjere det klart på førehand kva måtar dei kan og ikkje kan støtte dei mobile ungdomane under mobiliteten på.

### 3 Anbefalingar for sysselsetjingsmobilitet

Sysselsetjingsmobilitet er ein overgang frå ungdom til vaksenlivet, frå utdanning til arbeid, frå arbeidsløyse til sysselsetjing. Denne overgangen er ikkje alltid direkte. Når ungdom blir mobile, blir dei meir vage om returen. Sysselsetjingsmobilitet er **ikkje så strukturert som andre mobilitetstypar**. Å kome seg inn på arbeidsmarknaden er av og til problematisk for ungdom i destinasjonslanda.

- **Informasjon** er tilgjengeleg for unge menneske, men det er vanskeleg å filtrere dei ulike kjeldene. Det er difor avgjerande å involvere ungdomssenter og -program for å spreie informasjon om moglegheiter for ungdomsmobilitet, inkludert **moglegheiter for sysselsetjing**.
- Formell informasjon er tilgjengeleg om du kan finne det. Unge menneske brukar likevel hovudsakleg uformelle kanalar når dei søkjer på arbeid i utlandet. **Uformelle informasjonskjelder**, gjennom eit mellomledd, kommunikasjon med andre som har vore i same situasjon, og aktive ungdomsorganisasjonar, bør involverast i å spreie informasjon om sysselsetjingsmobilitet for ungdom.
- Sysselsetjingsmobilitet er stort sett ein ustrukturert mobilitetstype. For å auke ungdomsmobilitet og hjelpe unge menneske med å organisere det kan **profittbaserte organisasjonar og private selskap** tre inn som mellomledd mellom ungdom og sysselsetjing i destinasjonslanda.
- Det er behov for å **investere i ungdomsarbeidarar og ungdomsorganisasjonar** som kan rettleie ungdomar før mobilitetserfaringar, eller dei kan vere dei fyrste som plantar ideen om å «vere mobil» i tidleg alder.
- Mange unge menneske blir sitjande faste i det lågaste segmentet i ein arbeidsmarknad i destinasjonslanda og får ikkje hjelp med å klatre i jobbstigen. Nokre av dei kjenner ikkje rettane og moglegheitene dei har i mållandet. Dei treng **jobbrådgeving for unge tilsette**, til dømes i senter i målland.
- 'First EURES Job' er eit nytt sysselsetjingsprogram, men på same måte som andre eksisterande mobilitetsprogram har det vanskar med å nå unge menneske. Difor må EURES leggje vekt på **kvalitet**, ikkje kvantitet, når det gjeld å spreie programmet. **Utplassering i staden for rekruttering**.
- **Bevis/resultat frå forskning** om sysselsetjing av ungdom **bør brukast i praksis**. Forsking bør delast med alle som arbeider i ungdomssektoren (Den europeiske kommisjonen, nasjonale organisasjonar, lokale styresmakter, nasjonale offentlege tenester, bedrifter, universitet osv.) for å utvikle måten dei arbeider med ungdomsmobiliteten på med bevisbasert forskning.



#### 4 Anbefalingar for mobilitet under yrkesopplæring / VET-mobilitet

VET-mobilitet (mobilitet innanfor rammene av yrkesopplæring) blei studert i Tyskland og Spania. Det gav oss høve til å kome med fleire ulike anbefalingar sidan VET-system og institusjonelle rammeverk deler dei same måla, men har forskjellige systemutviklingar og resultat. Tysk VET-mobilitet skil seg ut i samanlikning med andre mobilitetsfelt, men òg i samanlikning med europeiske VET-mobilitetspraksisar. Dette er i stor grad på grunn av den svært institusjonaliserte og standardiserte innføringa av Erasmus+-programmet. Tysk mobilitet er i stor grad forma av den strenge reguleringa av den todelt eller skulebaserte yrkesopplæringa. Spansk VET-mobilitet varer vanlegvis rundt tre månader. Dei fleste studentane som deltek, får pengestøtta fyrst når dei kjem heim att.

- Mange unge menneske er ikkje klar over VET som eit mobilitetsfelt. Difor er det viktig å utvikle fleire **kunnskapskampanjer** blant unge menneske og bedrifter for å popularisere denne mobilitetstypen, arbeidet og fordelane for unge menneske og verksemdar.
- For å auke arbeidserfaringar på grunnivå under læringsperiodar og individuell mobilitet vil **ein database over europeiske bedrifter** og arbeidsgjevarar som er villige til å ta mot mobile studentar, vere nyttig etter modell av andre mobilitetstypar (EVS).
- Det bør vere **meir fleksibilitet i finansiering** av yrkesopplæringsmobilitet. Det kan ein til dømes oppnå ved å gje **meir autonomi til nasjonale kontor** når det gjeld administrasjon av midlane.
- **Sørg for betre språkopplæring** i VET-studieplanar. Gje betre tilgang til 'Online Linguistic Support' for alle Erasmus-deltakarar.
- **Styrk HR-kapasiteten til VET-skulane** ved å opprette ei stilling som «mobilitetsrådgjevar» som er integret i nettverk på ulike nivå med mogelegheit for student- og lærarmobilitet.
- **Auk lærarmobiliteten.** Fordelane med å sende og ta mot lærarar fører til nettverksutvikling for framtidig studentmobilitet og aukar kunnskapen blant VET-studentar.
- **Forbetre finansieringsplanen** for å sikre at pengane kjem før studenten reiser for å redusere dei økonomiske hindringane for VET og for å **forbetre overvakingssystemet** for å sikre kvaliteten på opplæringa (samsvar mellom studiar og arbeid) og arbeidstilhøva.
- Fordi VET-studentar med todelt opplæring «arbeider» i bedrifter frå starten av, bør det vere mogeleg å **drive kampanje for VET-studentutvekslingar innanfor multinasjonale selskap** via eit spesifikt program for «internasjonalisering og mentoring» med ein redusert byråkratisk prosess.

#### 5 Anbefalingar om elevmobilitet

Elevmobilitet er den fyrste mobilitetserfaringa for dei fleste unge menneske. Det kan motivere og inspirere dei til å følgje andre mobilitetar, som mobilitet i høgare utdanning, yrkesopplæringsmobilitet og mobilitet for frivillig arbeid. Det er grunnen til at ulike aspekt ikkje berre formar elevmobilitet, men blir grunnlaget for andre mobilitetar seinare.

- Fram til no har ikkje informasjon om elevutvekslingsmobilitet blitt harmonisert i EU-landa. **EU-aktørar bør opprette ei systematisert datasamling på tvers av sektorar.** Ein slik database vil òg samle erfaringar og praksis som er oppretta på feltet elevmobilitet, gjere det mogeleg å unngå duplisering av arbeid som er utført av ulike aktørar.
- **Kontakt/samarbeid** bør òg realiserast mellom **forskningsprosjekt** om same tema i EU. Dette kan koordinerast av EU-organisasjonane, europeiske paraplyinitiativ, til dømes

European Platform on Learning Mobility, kan organisere arrangement for forskarar og aktørar for å auke kunnskap på feltet elevmobilitet.

- **Kontakt/samarbeid** bør òg innførast på ein betre måte med tanke på finansiering for å betre mobilitetsutveksling for elevar. Det bør vere gjensidige program/finansiering og individuelle/kollektive samhandlingar.
- For å betre elevmobilitet kan vi lære av **praksisar som alt er utvikla** innanfor uformell utdanning og bruke desse **uformelle læringspraksisane** som er organiserte utanfor det etablerte formelle systemet. Nokre døme kan vere
  - **læraropplæring/-mobilitet**, interkulturell læringserfaring og –kompetanse. Det er viktig å ha lærarar med interkulturell erfaring eller mobilitetserfaring og kompetanse til å arbeide med multikulturelle klasserom og multikulturelle fritidsaktivitetar for utvekslingselevar.
  - **påverknad på lokalsamfunn**. Medvit om kva lokalsamfunn som tek mot utvekslingselevar, kven som kan vinne på det, og kva utfordringane er – mobile ungdomar har kontakt med andre ungdomar, lærarar og vertsfamiliar og kan bidra til interkulturell forståing og sensitivitet i kvardagen, også blant dei som ikkje sjølv er mobile. Ungdomar kan samtidig òg bli møtte med fiendskap, negative stereotypar og underinvestering under opphaldet. For å forhindre desse negative resultat må lokalsamfunna utvikle riktige strategiar og kompetanse for å delta i internasjonal elevutveksling.
  - **verktøy/ressursar**. Uformell læring har ressursar på Internett som kan brukast på ulike mobilitetsfelt, òg for elevutvekslingar.
  - **læring som er tilrettelagd for enkeltpersonar/grupper**. Arrangere verkstadar, seminar eller korte kurs om ulike emne for å bidra til interkulturell læring.
  - **oppmuntre til og leggje til rette for uformelle mogelegheiter** for tverrkulturell utvekslingssmobilitet
- **For å legge til rette for elevutveksling bør institusjonar og program sikre fleksible format for elevutveksling slik at dei er meir inkluderande**. Sikre for at det finst ulike val tilgjengeleg for elevar og som passar til behova til alle unge menneske, som kan redusere gruppekontakt og auke individuell- eller parinterkasjon.
- Det er viktig å auke **interkulturell kompetanse** for unge menneske, interesse for elevmobilitet bør støttast av lærarar og familiar som kan **innføre ein velkomstkultur med strategiar**, som t.d. vertsfamiliar.
- **Nasjonale skulepensum bør sikre at studieperioden i utlandet blir godkjend**, slik at unge menneske ikkje må gjenta eit år = koordinering av grader/karakterar og internasjonalisering av akkrediteringsprosessen. Dette bør støttast og koordinerast av EU òg.
- Opprette **mentorrelasjonar/nettverk**.

## 6 Anbefalingar om gründermobilitet

Gründermobilitet er ein spesifikk prosess: Unge menneske legg vekt på at ein bør «leve for å vere gründer». Gründermobilitet er skjørt og sensitivt for sosioøkonomiske endringar både i utreise- og mottakslandet. Som eit resultat av dette blir det anbefalt å auke tilbodet om kurs om oppstart av bedrifter for å støtte interessa for gründermobilitet.

- Nasjonale aktørar **bør opprette opplæringar og mogelegheiter for utveksling om grunnlegging av bedrifter i utlandet**

- For å støtte ung gründermobilitet er det viktig å utvide og diversifisere **finansieringsmogelegheiter** og samstundes gjere informasjon om tilgang til økonomiske ressursar og prosedyrar meir tilgjengeleg.
- Generelt bør gründeraktivitet støttast likt på tvers av opphavsland. Det er difor viktig å sikre **like moegelegheiter** for personar frå ulike regionar i same land.
- Opprette **mentor-relasjonar/nettverk**. Støttesystem for personar i same situasjon er viktige, spesielt for å leggje til rette for tilgang til informasjon om tilgjengelege finansieringsmogelegheiter og -prosedyrar, for å leggje til rette for at ein kan gjere seg kjend med administrative system i vertslandet.
- Institusjonelle aktørar lukkast viss unge gründerar kjem tilbake. Aktørane bør difor **auke kompetanse for å støtte unge menneske for å komme tilbake**.
- Det finst ulike oppfatningar av suksess blant unge menneske og institusjonar. Nokre unge menneske reknar «suksess» som å bli transnasjonale gründerar, for nokre tyder det å vere konkurransedyktige og nyskapande gründerar i heimlandet. Institusjonell utforming av program bør **ta omsyn til oppfatningane til ungdomen**.
- **Støtteprogram** bør òg utformast i **samsvar med behova** til unge menneske og ikkje behova til institusjonar.
- Utviding av **sosiale støttetiltak for Erasmus+-gründerar** (til dømes dagpengar) for å gje dei nok relevante ressursar i tide for å unngå at dei må arbeide berre for å overleve, og for å sikre at dei er fullstendig konsentrerte om å drive verksemda.
- **Forbetre koordinering** mellom ulike institusjonelle aktørar og nivå. Det finst mange ulike program på ulike administrasjonsnivå og dessutan private. Det er stort behov for å betre kommunikasjonen og dessutan kvaliteten på og delinga av relevant informasjon om gründerrelatert mobilitet.
- **Harmonisere gründerrelatert lovgjeving i EU-land** for å oppmuntre ungdom til gründeraktivitet og internasjonal mobilitet for dette formålet.
- Gründermobilitet blir av og til hindra av for omfattande byråkratiske prosedyrar når det gjeld naudsynte dokument for å opprette ei bedrift. Prosessen er endå meir komplekse på grunn av nye språk i destinasjonslanda. **Prosedyrar og informasjon på Internett** om skattar, forsikringar osv. **bør vere tilgjengeleg på fleire språk** på sosiale medium.
- Gründermobilitet blir ofte rekna for å ha ein ujamn kjønnsbalanse. Difor anbefaler vi å **støtte gründeraktivitet blant kvinner** ved å opprette støttestrukturar og -program for kvinnelege gründerar, spesielt kvinner med familie.

#### Referansar:

Landesmann, M. & Leitner, S. M. (2015). *Intra-EU Mobility and Push and Pull Factors in EU Labour Markets: Estimating a Panel VAR Model*. [Working Paper 120.] Wien: Vienna Institute for International Economic Studies.

Det overordna målet til MOVE er å tilby forskingsbaserte bidrag for å betre tilhøva for mobilitet av unge menneske i Europa og å redusere dei negative konsekvensane av mobilitet ved å kome fram til god praksis for å fremje ei berekraftig utvikling og velvære.

**Det viktigaste forskingsspørsmålet** er: Korleis kan mobiliteten til unge menneske vere bra både for den sosioøkonomiske utviklinga og for den individuelle utviklinga til unge menneske, og kva for faktorar fremjar/hindrar slik positiv mobilitet?

Basert på tverrfagleg forskning på fleire nivå er hovudmåla til MOVE å

1. gjennomføre ein omfattande analyse av fenomenet mobilitet blant unge menneske i EU
2. generere systematiske data om mobilitetsmønstra til unge menneske i Europa basert på case-studiar, ei spørjeundersøking om mobilitet og sekundærdataanalyse
3. tilby ein kvantitativ, integrert database om europeisk ungdomsmobilitet
4. tilby eit forskingsbasert teoretisk rammeverk der mobilitet kan reflekterast og dermed bidra til vitenskaplege og politiske debattar
5. utforske faktorar som fremjar og faktorar som hindrar god praksis basert på ei integrativ tilnærming med kvalitative og kvantitative bevis
6. tilby bevisbasert kunnskap og anbefalingar for avgjerdstakarar ved å utvikle modellar for god praksis for å
  - a gje forskingsbaserte anbefalingar for intervensjonar for å legge til rette for og betre dei institusjonelle, juridiske og programmatisk rammene for mobilitet med tanke på ulike former for og typar av mobilitet og tilhøva/avgrensingane for mobilitet for unge menneske i Europa
  - b gje råd og ekspertise til dei landa som har vesentlege utfordringar i samband med geografisk mobilitet for unge arbeidarar

### Overordna tilnærming og metodologi

MOVE er basert på ein tverrfagleg forskingsmodell på fleire nivå. På mikronivået ligg hovudvekta på unge menneske, flytting på tvers av grenser og hindrande faktorar. På makronivået er det teke omsyn til organisasjonsfeltet til dei respektive typane av mobilitet innanfor dei eksisterande nasjonale og internasjonale forskriftene. Til slutt vil dei sosiale og økonomiske dataa på nasjonalt og regionalt nivå bli kombinerte på makronivået og analysert med tanke på mobilitetssituasjonen til unge menneske.

Forskningsprosjektet MOVE består av seks arbeidspakkar som i tillegg til administrasjonspakken (WP 1) omfattar sekundærdataanalyse (WP 2), seks case-studiar om ulike former for mobilitet (WP 3), ei spørjeundersøking om praksis, erfaringar og påverkingfaktorar for mobilitet basert på eit tottrinns utval, inkludert eit panel (n = 5499) og ei snøballsampling (n = 3207) blant mobile og ikkje-mobile ungdommar (WP 4), triangulering av kvalitativ og kvantitativ analyse (WP 5) og ein arbeidspakke (WP 6) for kommunikasjon, spreing og bruk.

Casestudiane er baserte på seks relevante typar ungdomsmobilitet i Europa som er skildra tidlegare i denne policybriefen:

- 1 studentmobilitet for høgare utdanning
- 2 frivillig arbeid på tvers av grenser
- 3 sysselsetjingsmobilitet
- 4 mobilitet for yrkesopplæring (VET)
- 5 elevmobilitet
- 6 gründermobilitet

Vektlegginga av desse seks typane av mobilitet gjev oss høve til å forske på dei ulike aspekta ved mobilitet utanom strukturen til spesifikke program for ungdomsmobilitet.

## PROSJEKTSKILDING

<b>PROSJEKTNAMN</b>	Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe (MOVE)
<b>KOORDINATOR</b>	Assoc. Prof. Dr. Birte Nienaber, UNIVERSITE DU LUXEMBOURG, Luxembourg, <a href="mailto:birte.nienaber@uni.lu">birte.nienaber@uni.lu</a>
<b>KONSORTIUM</b>	ACADEMIA DE STUDII ECONOMICE DIN BUCURESTI – ASE Bucuresti – Bucureşti, Romania  AGENCE EUROPEENNE POUR L'INFORMATION ET LE CONSEIL DES JEUNES ASBL – ERYICA Luxembourg, Luxembourg  DEUTSCHES JUGENDINSTITUT EV – DJI München, Tyskland  EURICE EUROPEAN RESEARCH AND PROJECT OFFICE GMBH – Eurice Saarbrücken, Tyskland  HØGSKULEN PÅ VESTLANDET – HVL Sogndal, Noreg  ILUSTRE COLEGIO NACIONAL DE DOCTORES Y LICENCIADOS EN CIENCIAS POLITICAS Y SOCIOLOGIA – ICN Madrid, Spania  MISKOLCI EGYETEM – UNI MISKOL Miskolc, Ungarn  STIFTUNG UNIVERSITAT HILDESHEIM – UH Hildesheim, Tyskland
<b>FINANSIERINGSPLAN</b>	Horizon 2020 Framework Programme for Research and Innovation (2014–2020), Societal Challenge 6 – «Europe in a changing world: inclusive, innovative and reflective societies», ring YOUNG-2-2014, emne «Youth mobility: opportunities, impacts, policies»
<b>LENGD</b>	Mai 2015–april 2018 (36 månader)
<b>BUDSJETT</b>	EU-bidrag: 2 499 912,00 €
<b>NETTSIDE</b>	<a href="http://move-project.eu/">http://move-project.eu/</a>
<b>MEIR INFORMASJON</b>	Kontakt: Michaela Scheid, <a href="mailto:m.scheid@eurice.eu">m.scheid@eurice.eu</a>

*Denne norske versjonen er ei omsetjing av den engelske originalen og har kun som føremål å informere. I tilfelle motstrid mellom versjonane vil den engelske originalen vere gjeldande.*